

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ann-Elin Djuvik Kro
SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 28.03.2023 - 30.05.2023**

ARKIVSAK: 2023/82
STYRESAK: 056/23

STYREMØTE: 14.06. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 28.03.2023 - 30.05.2023

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/lovendringa gjeld
Helseberedskapslova LOV-2000-06-23-56	14.04.23	Fullmaktene i helseberedskapslova § 5-2 blir gitt vidare verknad frå og med 15. april 2023 til og med 14. mai 2023.
Pasient og brukarrettslova LOV-2023-04-28-9	28.04.23	Med bakgrunn i Prp. 40 L (2022-2023) og Innst. 268 L (2022-2023) er det gjort endringar i fleire lovar. Bakgrunnen for endringane er knytt til å betre pasientforløp i spesialisthelsetenesta.
Spesialisthelsetenestelova LOV-1999-07-02-61		Utdrag frå Prop. 40 L: <i>Formålet med endringene er å understøtte gode pasientforløp og ikke føre til nødvendig merarbeid eller være til hinder for god planlegging i spesialisthelsetjenesten.</i>
Pasientskadelova LOV-2001-06-15-53		<i>Departementet foreslår å oppheve dagens skille mellom fastsettelse av tidspunkt for oppstart av utredning og oppstart av behandling i</i>

<p>Helsetilsynslova LOV-2017-12-15-107 m.fl.</p>		<p><i>spesialisthelsetjenesten. Departementet foreslår videre lovtekniske endringer i form av omformuleringer i og omstruktureringer av bestemmelsene som regulerer pasientrettighetene knyttet til pasientforløpet i spesialisthelsetjenesten. Departementet foreslår i tillegg å innføre de nærmere kriteriene for rett til helsehjelp i spesialisthelsetjenesten i pasient og brukerrettighetsloven.</i></p> <p>Lov om endringer i pasient- og brukerrettighetsloven mv. (pasientforløp i spesialisthelsetjenesten) - Lovdata</p>
<p>Helsepersonellova LOV-1999-07-02-64</p>	<p>28.04.23</p>	<p>Endring i § 71 som handlar om domsstolskontroll, her at vedtak i Statens helsepersonellnemnd som gjeld tildelingar/tilbakekall av lisensar og autorisasjonar for helsepersonell kan bringast inn for retten, som kan prøve alle sider av saka. Søksmål vert retta mot staten ved Statens helsepersonellnemnd.</p> <p>Ved endringa kommer det inn eit fjerde punktum som lyder: <i>Departementet kan i enkeltsaker overta utøvelsen av statens partsstilling.</i></p>

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 28.03.2023 - 30.05.2023

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva saka gjeld
<p>Forskrift om bemanningsforetak FOR-2008-06-04-541</p>	<p>26.05.23</p>	<p>Forskrifta regulerer offentleg godkjenning av bemanningsforetak og gjennomgår her ei mindre revidering. Det er i større grad definert vilkår for godkjenning og tilbakekall av denne og arbeidstilsynet si rolle i desse sakene.</p> <p>Forskrift om endring i forskrift om bemanningsforetak - Lovdata</p>

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 28.03.2023 - 30.05.2023

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Ingen nye saker		